# Flora kontrollutval

***SEKOM-sekretariat***

*www.sekom.no | post@sekom.no*

# Møteinnkalling

**Møtedato:** 18.11.2015
**Møtestad:** Flora samfunnshus, møterom Ytterøyane
**Møtetid:** Kl. 09:30
*Kaffi, te og vatn ved oppstart*
*Påsmurte rundstykker i løpet av møtet*

**Innkalling:** Faste medlemar i utvalet
Bjørg Mikalsen som vara for Ole Christian Rynning
Revisor i sak 63

Dersom du ikkje kan møte: Meld frå på e-post:

- Arnar Helgheim: ah@sekom.no (mobil: 975 81 418)

Varamedlemar møter etter nærare innkalling.

**Sakliste**

| Sak nr. | Sakstittel |
|---|---|
| 061/15 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| 062/15 | Skriv og meldingar |
| 063/15 | Opplæring av nytt kontrollutval |
| 064/15 | Møteplan 2016 |
| 065/15 | Oppfølgingsliste 8 - 2015 |
| 066/15 | Eventuelt |

Med helsing

Bjørn Hollevik
Leiar

# *SEKOM-sekretariat*

| **Saksgang** | **Møtedato** | **Saksnr** |
|---|---|---|
| Flora kontrollutval | 18.11.2015 | 061/15 |

| **Sakshandsamar:** | **Arkiv:** | **Arkivsaknr.:** |
|---|---|---|
| Arnar Helgheim | FE- | 15/471 |

## Godkjenning av innkalling og sakliste

**Vedlegg:**
Ingen vedlegg i saka.

**Tilråding:**
*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*

Innkalling og sakliste vert godkjent.

# *SEKOM-sekretariat*

| **Saksgang** | **Møtedato** | **Saksnr** |
|---|---|---|
| Flora kontrollutval | 18.11.2015 | 062/15 |

| **Sakshandsamar:** | **Arkiv:** | **Arkivsaknr.:** |
|---|---|---|
| Arnar Helgheim | FE- | 15/473 |

## Skriv og meldingar

### Vedlegg:

| Nr | Dok.dato | Tittel | Dok.ID |
|---|---|---|---|
| 1 | 29.09.2015 | Val av utval/råd/nemnder - mm - 2015 - 2019 | 15/1611 |

### Tilråding:

*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

FLORA
KOMMUNE

# Saksframlegg

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 070/15 | Bystyret | PS | 29.09.2015 |

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Terje Heggheim | K1 - 014, K1 - 033 | 15/2011 |

## Val av utval/råd/nemnder - mm - 2015 - 2019

## Framlegg til vedtak:
Saka vert lagt fram utan tilråding.

Bystyret - 070/15

### BYST - handsaming:
Fellesframlegget frå valnemnda vert lagt fram av leiar i valnemnda Hanne Husebø Kristensen. Representantar til kommunale føretak (KF) vert vald på første ordinære bystyremøte, som føreslått av repr. Solveig Willis. Det vert ein pause i 15. min slik at valnemnda får kome saman, og justere framlegget og så vert det gjennomført eit avtaleval.

Levekårsutvalet vert føreslått utvida til 11 representantar.
Samrøystes vedteke.

Framlegget frå valnemnda vart samrøystes vedteke for alle utvala.

### BYST - vedtak:
**Administrasjonsutvalet**
Arbeidarpartiet:
1. Oscar Bergheim, leiar
2. Bente Frøyen Steindal, nestleiar
3. Kari Vårdal

Vara:
4. Jan Henrik Nygård
5. Solbjørg Tonheim
6. Elna Berge
7. Holger Åsen
8. Linda Helgås

Samlingslista:
1. Jacob Nødseth

Vara
2. Åse Iren Korneliussen
3. Gunn Klokkernes
4. Kjartan Kvellestad

Høgre:
1. Vidar Grønnevik

Vara:
2. Tommy Kinnunen
3. Steinar Svardal

Arbeidsmiljøutvalet som skrive i saka.

**Levekårsutvalet (11 medlemer)**
Arbeidarpartiet:
1. Karianne Torvanger, leiar
2. Jarle Storevik
3. Silje Ødegård Standal
4. Markus Indrebø-Langlo

Vara:
5. Ann Kristin Førde (SV)
6. Marie Kronen Tveranger
7. Marianne Bruvik
8. Brage Waage (MDG)
9. Jan Midtbø
10. Åsmund Hordvik

Venstre:
1. Terje Kjerpeset
2. Torgunn Eikevik

Vara:
3. Marit Gjerstad
4. Ronny Cassells
5. Espen Lothe

Samlingslista:
1. Vivian Norstrand
2. Lasse Seim

Vara:
3. Karoline Korneliussen
4. Kristian Æsøy
5. Tone Ulriksen Standal
4. Jacob Nødseth

Høgre:

1. Arlene Vågene, nestleiar
2. Trine Hovland
3. Ingvar T. Myrvollen

Vara:
4.Line Sundal
5. Bendik H. Liseth
6. Cecilie Udberg-Helle
7. Odd S. Husebø
8. Amalie Dypevik Olsen
9. Anne Margrethe Hjertenes

**Plan- og samfunnsutvalet**
Arbeidarpartiet:
1. Lars Terje Standal, leiar
2. Anne Lise Midtbø
3. Bente Nygård

Vara:
4. Jon Sørland
5. Katrine Dale
6. Kim Gunnar Jensen
7. Elise Svardal
8. Ralf Einar Johannessen

Venstre:
1. Jan Arve Midtbø, nestleiar

Vara:
2. Rune Rasmus Holsen Nygård
3. Hilde Amundsen
4. Rune Nilsen

Miljøpartiet Dei Grøne:
1. Martin Malkenes

Vara:
2. Hilde Kvamsås Aa
3. Bjarne Melvær Berge

Senterpartiet:
1. Målfrid Steindal

Vara:
2. Jarle Oddgeir Solheim
3, Marianne Kvalvik Kvamme

Høgre:
1. Hanne Husebø Kristensen
2. Bengt Solheim-Olsen

Vara:
3. Magnar Sunnarvik

4. Margunn Belsvik
5. Oddgeir Madsen
6. Tommy Kinnunen

Samlingslista:
1. Hilmar Eliasson

Vara:
2. Inger Alsaker
3. Kjartan Kvellestad
4. Harry Felle

**Utbyggingsutvalet**
Arbeidarpartiet:
1. Lars Terje Standal, leiar
2. Anne Lise Midtbø

Vara:
3. Per Grov
4. Katrine Dale
5. Martin Malkenes
6. Kim Gunnar Jensen

Venstre:
1. Jan Arve Midtbø

Vara:
2. Rune Rasmus Holsen Nygård
3. Hilde Amundsen

Samlingslista:
1. Hilmar Eliasson

Vara:
2. Kjartan Kvellestad
3. Nina Seljestokken
4. Sturla Ellingvåg

Høgre:
1. Hanne Husebø Kristensen

Vara:
2. Bengt Solheim-Olsen
3. Magnar Sunnarvik

**Kontrollutvalet**
Arbeidarpartiet:
1. Eva Richter, nestleiar

Vara:
2. Berit Hovland

Senterpartiet:

FLORA
KOMMUNE

1. Ole Christian Rynning

Vara:
2. Bjørg Mikaelsen

Høgre:
1. Bjørn Hollevik, leiar

Vara:
2. Dag Henrik Nygård

Samlingslista:
1. Olav Mølster

Vara:
2. Unni Giil

Framstegspartiet:
1. Miriam Nesje

Vara:
2. Bjarne Holme

**Prosjektkomiteen**
Arbeidarpartiet:
1. Anne Lise Midtbø
2. Lars Terje Standal

Vara:
3. Bente Nygård
4. Per Grov
5. Hilde Kvamsås Aa

Venstre:
1. Marit Gjerstad, nestleiar

Vara:
2. Jan Henrik Nygård
3. Kjell Høyvik

Høgre:
1. Frank Robert Klakegg

Vara:
2. Hallgeir Helland
3. Magnar Sunnarvik

Samlingslista:
1. Kjartan Kvellestad, leiar

Vara:
2. Harry Felle

3. Sturla Ellingvåg

**Klagenemnda**
Arbeidarpartiet:
1. Åge Larsen, leiar

Vara:
2. Solbjørg Tonheim

Venstre:
1. Gunnhild Bjelland

Vara:
2. Kjell Høyvik

Senterpartiet:
1. Anne Karin Kleiven Rynning

Vara:
2. Elisabeth Solheim

Samlingslista:
1. Jarle Sundal

Vara:
2. Tone Ulriksen Standal

Høgre:
1. Arlene Vågene, nestleiar

Vara:
2. Trine Hovland

**Samferdsleutvalet**
Arbeidarpartiet:
1. Bente Frøyen Steindal, nestleiar
2. Solveig Willis

Vara:
3. Katrine Dale
4. Oscar Bergheim
5. Kim Gunnar Jensen

Venstre:
1. Rune Otto Nilsen

Vara:
2. Kjell Ivar Høyvik
3. Marit Gjerstad

Framstegspartiet:
1. Frank Willy Djuvik

Vara:
2. Nina Seljestokken
3. Harry Felle

Høgre:
1. Vidar Grønnevik, leiar

Vara:
2. Hallgeir Helland
3. Margunn Belsvik

**Overtakstnemnda**
Arbeidarpartiet:
1. Roald Leivestad

Vara
2. Oscar Bergheim

Venstre:
1. Rune Rasmus Holsen Nygård

Vara:
2. Torgunn Eikevik

Senterpartiet:
1. Leidulf Beverly Stavø

Vara:
2. Asle Magne Ellingsund

Samlingslista:
1. Lasse Seim

Vara:
2. Nina Seljestokken

Høgre:
1. Tore Jakob Madsen

Vara:
2. Vidar Grønnevik

**Takstnemnd for eigedomsskatt**
Arbeidarpartiet:
1. Elna Berge

Vara:
2. Petter Refsnes

Venstre:
1. Jan Arve Midtbø

Vara:
2. Kolbjørn Løken

Høgre:
1. Line Sundal

Vara:
2. Agnar Grønsberg

**Allhuset i Eikefjord**
Senterpartiet:
1. Målfrid Steindal

Vara:
2. Anders Ola Sunnarvik

Venstre:
1. Johnny Jacobsen

Vara:
2. Trond Heimset

Høgre:
1. Trine Hovland

Vara:
2. Ingvar T. Myrvollen

**Kryssrevisjonen**
Ingvar T. Myrvollen

**Sekom-representant**
Terje Kjerpeseth

**Kinn Kyrkjelege Fellesråd**
Dag Henrik Nygård

Vara:
Gustav Johan Nydal

**Kommunalt råd for funksjonshemma**
Arbeidarpartiet:
1. Marie Kronen Tveranger, leiar

Vara:
2. Roald Hansen

Høgre:
1. Trine Hovland

Vara:
2. Odd S. Husebø

FLORA
KOMMUNE

**Eldrerådet**
Arbeidarpartiet:
1. Solbjørg Tonheim

Vara:
2. Gunnvar Seljeseth

Høgre:
1. Arlene Vågene

Vara:
2. Cecilie Udberg-Helle

**Utsendingar til KS fylkesmøte**
Arbeidarpartiet:
1. Ola Teigen

Vara:
2. Solveig Willis

Venstre:
1. Jan Henrik Nygård

Vara:
2. Marit Gjerstad

Høgre:
1. Bengt Solheim-Olsen

Vara
2. Hanne Husebø Kristensen

FLORA
KOMMUNE

## Saksopplysingar:
**Kva saka gjeld:**

Bystyret skal velje representantar til desse utvala:

Levekårsutval

9 medlemer med varamedlemer

Leiar: Bør sitte i formannskapet

Plan- og samfunnsutval

9 medlemer med varamedlemer

Leiar: Bør sitte i formannskapet

Kontrollutval

Utvalet har 5 medlemer med personlege varamedlemer. Val: Jf. Kl. § 35.

Forholdstalsval dersom minst eitt medlem krev det, elles fleirtalsval. Bystyret vel leiar og nestleiar mellom dei representantane som er valde av bystyret.

Utelukka frå val er: Ordførar, varaordførar, medlem og varamedlem av kommunal nemnd med avgjerdsmynde, og tilsette i kommunen jf. Kl. § 77.

Prosjektkomite

Komiteen har 5 medlemar med personlege varamedlemer. Medlemene av prosjektkomiteen bør veljast med ein representant frå kvart av hovudutvala og ein representant frå formannskapet.

Val: Jfr. Kommunelova § 35

Forholdstalsval dersom minst eitt medlem krev det, elles fleirtalsval.

Bystyret vel leiar og nestleiar.

Administrasjonsutval

Utvalet har 7 medlemer med vararepresentantar. 5 representantar vald av og mellom dei faste representantane i bystyret, og 2 representantar utpeikt av og mellom dei tilsette for 2 år av gongen. Jfr. Kl. § 25, pkt. 2. Dei politisk valde representantane skal ikkje vere tilsett i kommunen.

Val: Jf. Kl. § 35. Forholdstalsval dersom minst eitt medlem krev det, elles fleirtalsval. Bystyret vel leiar og nestleiar mellom dei representantane som er valde av bystyret.

Arbeidsmiljøutval

Utvalet har 12 medlemar. Talet på medlemar er likt fordelt mellom arbeidsgjevar- og arbeidstakarsida. Arbeidstakarorganisasjonane vel sjølv sine eigne 6 representantar. Hovudverneombodet skal vere ein av desse. Arbeidsgjevarsida skal ha 6 representantar. Rådmannen skal vere representert som ein av desse. Dei andre skal vere dei 5 faste politiske representantane frå Administrasjonsutvalet (ADMU)

Arbeidsmiljøutvalet vel sjølv leiar og nestleiar vekselvis mellom arbeidsgjevar- og arbeidstakarsida kvart andre år. Val: Jfr Kommunelova (kl.) §35. Forholdstalsval dersom minst eitt medlem krev det, elles fleirtalsval.

Forhandlingsutval

Utvalet har tre medlemer med varamedlemer helst valde frå formannskapet sine representantar.

Flora eldreråd

Eldrerådet har sju medlemmer og i tillegg varamedlemer.

Av dei sju medlemmane er 5 representantar valt etter tilråding frå pensjonistlaga i kommunen og frå andre organisasjonar som representerer alderspensjonistar i kommunen, og etter samla innstilling til bystyret frå eldrerådet for siste periode.

To medlemmar er politisk valde. Val: Jf. kl. § 35. Forholdstal dersom minst eitt medlem krev det, elles fleirtalsval. Både leiar og nestleiar skal veljast blant dei eldre sine representantar. Desse vala skjer i eldrerådet.

Vararepresentantane for dei som er valde blant dei eldre, vert valde i nummerert rekkefølgje. Vararepresentantane for dei som er politisk valde, vert valde separat, og er personlege for den enkelte

politisk valde.

Råd for funksjonshemma

Klagenemnd

Nemnda har 5 medlemar med personlege vararepresentantar. Medlemane og vararepresentantane vert valde av bystyret. Bystyret skal velje leiar og nestleiar.

Val: Jfr Kommunelova (kl). § 35.

Forholdstalsval dersom minst eitt medlem krev det, elles fleirtalsval.

Samferdsleutval

Samferdsleutvalet har 5 medlemmar med varamedlemer.

Utbyggingsutvalets medlemar skal veljast mellom bystyret sine faste medlemmer

Val: Jfr. Kommunelova §35

Forholdstalsval dersom minst eitt medlem krev det, elles fleirtalsval.

Bystyret vel leiar og nestleiar for utvala.

Utbyggingsutval

Utbyggingsutvalet har 5 medlemmar med varamedlemer.

Utbyggingsutvalets medlemar skal veljast mellom *Plan og samfunnsutvalet* (korrigert av rådmannen etter eige vedtak) sine faste medlemer.

Val: Jfr. Kommunelova §35

Forholdstalsval dersom minst eitt medlem krev det, elles fleirtalsval.

Bystyret vel leiar og nestleiar for utvala

Styret for Allhuset i Eikefjord

4 medlemer med 4 varamedlemer

Styret konstituerer seg sjølv.

Takstnemnd for eigedomskatt

3 medlemer med 3 varamedlemer

Nemnda konstituerer seg sjølv

Overtakstnemnd for eigedomskatt

6 medlemer med 6 varamedlmer

Nemnda konstituerer seg sjølv.

Kinn kyrkjelege fellesråd

1 representant med 1 vara

Alarmsentralen

1 representant med 1 vara

Kryss revisjon

1 representant med 1 vara

Sekom sekretariat

1 representant med 1 vara

Utsendingar til KS sitt fylkesmøte

3 representantar

Veljast blant bystyret sine faste medlemer.

Ordførar bør vere ein av desse.

Rådmann møter i tillegg.

Kystmuseet

2 representantar til årsmøte med 2 vara

KF Innvandrarsenteret

Styret skal ha 5 medlemmar med personlege varamedlemer. I styret bør det mellom anna vere kompetanse innan flyktningfaglege spørsmål, økonomi og personalforvaltning.

Flora bystyre vel sjølv representantane til styret, og leiar og nestleiar. Styreleiar, nestleiar, medlemmar og varamedlemer vert valde for to år. Eitt av dei fem styremedlemane og ein personleg varamedlem vert valt blant dei tilsette, etter innstilling frå dei tilsette, jf.. kommunelova § 65 nr. 3. Styremedlem og varamedlem skal veljast frå ulike avdelingar i føretaket. Varamedlemene kan delta i styremøta med møte- og talerett.

KF Kjøkkenservice

Styret skal ha 5 medlemmar med personlege varamedlemmar. I styret bør det mellom anna vere kompetanse innan bedriftsøkonomi.

Flora bystyre vel sjølv alle representantane til styret, herunder leiar og nestleiar.

Styreleiar, nestleiar, medlemmar og varamedlemmar vert valde for 2 år.

Ein av fem styremedlemmar og ein personleg varamedlem vert valt mellom dei tilsette, etter innstilling frå dei tilsette, jf. Kommunelova § 65 nr. 3.

Styrerepresentanten for dei tilsette har ikkje rett til å delta i handsaming av saker som gjeld

arbeidsgjevar si førebuing til forhandlingar med arbeidstakarar, arbeidskonfliktar, rettstvistar med arbeidstakarorganisasjonar eller oppseiing av tariffavtalar. Dersom føretaket har mynde til å treffe einskildvedtak eller fastsetje føresegner, jf. Forvaltningslova § 2, skal denne styremedlemmen ikkje delta i handsaming av desse sakene.

Dagleg leiar kan ikkje vere medlem av styret.

Flora hamn KF

Styret for Flora Hamn KF er hamnestyre for Flora kommune. Styret skal ha 5 medlemmar og fem vara medlemmar. ( personlege vara medlemmar).

I styret bør det mellom anna vere kompetanse innan maritim verksemd. Flora bystyre vel sjølv alle representantane til styret, her under leiar og nestleiar. Alle medlemmar og vara medlemmar vert valde for to år

Eit av dei fem styremedlemmane og eit personleg vara medlem vert valt blant dei tilsette, etter innstilling frå dei tilsette, jfr. kommunelova §65 nr. 3. Styrerepresentanten for dei tilsette har ikkje rett til å delta i handsaming av saker som gjeld arbeidsgjevar si førebuing til forhandlingar med arbeidstakarar, arbeidskonfliktar, rettstvistar med arbeidstakarorganisasjonar eller oppseiing av tariffavtaler. Dersom føretaket har mynde til å treffe einskildvedtak eller fastsette føreskrifter, jfr. forvaltningslova §2, skal denne styre medlemmen ikkje delta i handsaming av desse sakene. Dagleg leiar kan ikkje vere medlem av styret.

Havhesten KF

Styret skal ha 5 medlemmar med personlege varamedlemer. I styret bør det mellom anna vere kompetanse innan byggeteknikk, økonomi og planlegging.

Flora bystyre vel sjølv alle representantane til styret. Styreleiar, nestleiar, medlemmar og varamedlemer vert valde for to år. I år 2000 vert to medlemmar med varamedlemer valde for 4 år.

Eit av dei fem styremedlemmane og eit personleg varamedlem vert vald blant dei tilsette, etter innstilling frå dei tilsette, jfr. Kommunelova §65 nr.3. Styrerepresentanten for dei tilsette har ikkje rett til å delta i handsaming av saker som gjeld arbeidsgjevar si førebuing til forhandlingar med arbeidstakarar, arbeidskonfliktar, rettstvistar med arbeidstakarorganisasjonar eller oppseiing av tariffavtaler. Dersom føretaket har mynde til å treffe einskildvedtak eller fastsette føreskrifter, jfr. Forvaltningslova § 2, skal denne styremedlemen ikkje delta i handsaming av desse sakene.

Eit av dei fem styremedlemmane og eit personleg varamedlem vert vald etter innstilling frå AL Flora Svømmehall. Dagleg leiar kan ikkje vere medlem av styret

Spørsmål om fritak, uttreden eller nyval av styremedlem vert handsama av bystyret. Ved endeleg uttreden eller varig forfall, skal det haldast suppleringsval for resten av perioden.

Heimevernsnemnd

2 medlemer med 2 vara.

SFE sitt styre

Vert vald i samband med eiga innkalling til generalforsamling

Botnaneset industriselskap

Vert vald i samband med eiga innkalling til generalforsamling

Kystvegen Måløy- Florø AS

Vert vald i samband med eiga innkalling til generalforsamling

Kystvegen Ålsesund-Bergen

Vert vald i samband med eiga innkalling til generalforsamling

Fram Flora

Vert vald i samband med eiga innkalling til generalforsamling

Botnaneset industriselskap

Vert vald i samband med eiga innkalling til generalforsamling

FLORA
KOMMUNE

# *SEKOM-sekretariat*

| Saksgang | Møtedato | Saksnr |
|---|---|---|
| Flora kontrollutval | 18.11.2015 | 063/15 |

| Sakshandsamar: | Arkiv: | Arkivsaknr.: |
|---|---|---|
| Arnar Helgheim | FE-033 | 15/459 |

## Opplæring av nytt kontrollutval

### Vedlegg:

| Dok.dato | Tittel | Dok.ID |
|---|---|---|
| 26.10.2015 | Praktiske opplysningar og tips mm til oppstartmøta hausten 2015 - presentasjon pr 261015 | 3429 |
| 26.10.2015 | Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord okt15 | 3431 |
| 26.10.2015 | Invitasjon til dagsseminar/kurs: Tilsyn og kontroll i kommunal sektor (25.1.16) | 3428 |

### Tilråding frå SEKOM-sekretariat:
*(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).*

Flora kontrollutval tek gjennomgang/opplæring frå sekretariat og revisor til orientering.
...

### Saksutgreiing:

I det første møte for det nye kontrollutvalet, ser vi føre oss ein presentasjon av medlemane i utvalet, deretter vil SEKOM-sekretariat sine to tilsette presentere seg. Vidare vil leiaren i SEKOM-sekretariat ta ei kort orientering/opplæring i høve møterutinar, oppgåvene og ansvaret til kontrollutvalet. Revisjonsselskapet vert også invitert til å presentere sine oppgåver og tilsette.

SEKOM-sekretariat sende brev til «våre» 15 kommunar 14.9.2015 med informasjon i samband med val av kontrollutval for perioden 2015-2019. Det var det m.a. teke med at det var viktig at kontrollutvalet får delta på folkevaldopplæringa i kommunen, og at det kan gje godt grunnlag for samhandling mellom bystyret og kontrollutvalet.

Den 25. januar 2016 arrangerer Sogn og Fjordane kommunerevisorforening opplæring for allekontrollutvala i fylket på Thon Hotel Jølster (Skei hotel). SEKOM-sekretariat vil oppmode medlemane i kontrollutvalet til å delta på fylkeskonferansen, som vil vere særskilt retta mot kontrollutvalet sine oppgåver og ansvar. Det er også fint om varamedlemar i kontrollutvalet har høve til å delta.

Kvart år held Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) fagkonferanse der målgruppa er kontrollutvala og sekretariata til kontrollutvalet. I 2016 vert FKT sin fagkonferanse 7.-8. juni på Thon Hotel Oslo Airport. Kontrollutvalet er medlem i FKT, og får såleis noko redusert pris på konferansen.

Norsk Kommunerevisorforbund (NKRF) arrangerer ein tilsvarande Kontrollutvalskonferanse 3.- 4. februar 2016 på Gardermoen.

Kommunal- og Regionaldepartementet ga i 2011 ut kontrollutvalsboka, som er ein rettleiar om rolla og oppgåvene til kontrollutvalet. Kontrollutvalsboka er under revidering, og når oppdatert versjon er ferdig, vert den delt ut til kontrollutvalsmedlemane.

På nettsida www.sekom.no finn du mellom anna alle innkallingar og møtebøker til kontrollutvala i SEKOM-sekretariat sitt område. Du finn kontrollutvalsboka, sentrale lover, forskrifter, retningsliner, publikasjonar og nyttige lenkjer under menyen «Til hjelp for kontrollutvala».

SEKOM-sekretariat legg opp til at ordførar og rådmann vert invitert til neste møte i kontrollutvalet. Ordførar har møte- og talerett i kontrollutvalet, og det kan vere nyttig at ordførar og kontrollutval tidleg i perioden klargjer kva forventningar ein har til ordføraren si deltaking på kontrollutvalsmøta, og korleis de kan utveksle informasjon og oppdatere kvarande på aktuelle saker. Rådmannen vert innkalla i konkrete saker, der han møter personleg, eller at andre møter på rådmannen sine vegner. SEKOM-sekretariat rår til at kontrollutvalet drøftar og avklarar forventningar om møtedeltaking med rådmann i starten av valperioden.

# Kontrollutvalet

2015 – 2019

Oppstartmøte



# Målet i dag…

- Gi dykk som er folkevalde i kontrollutvalet ein god start på 4-årsperioden..
  - Bli kjende med kvarandre
  - Gi ein introduksjon om kontrollutvalet sin funksjon
  - Nokre tankar frå sekretariatet om utvalet sitt arbeid og funksjon
  - Introduksjon frå revisor
- Kom gjerne med innspel og spørsmål under vegs!

SEKOM-sekretariat www.sekom.no | post@sekom.no

# Kva er eit kontrollutval?

- Kontrollutvalet er kommunetyret sin reiskap for tilsyn og kontroll med kommunen si verksemd.
  - Ein velfungerande eigenkontroll er med på å sikre effektiv og rett bruk av ressursane og styrkjer tilliten til kommunen.
  - Saman med kommunestyret, revisor og administrasjonen er utvalet såleis ein viktig aktør i kommunen sin eigenkontroll.

**SEKOM-sekretariat** www.sekom.no | post@sekom.no

# Meir om kontrollutvalet kjem..

- Dette blir berre ein aldri så liten forsmak ☺
- Sett av måndag 25. januar 2016!
  - Fylkessamling i regi av Sogn og Fjordane kommunerevisorforening
  - Thon Hotel Jølster (Skei hotel)

**SEKOM-sekretariat** www.sekom.no | post@sekom.no

# Kontrollinjer frå kommunestyret

(Frå Kontrollutvalsboka)




SEKOM-sekretariat www.sekom.no | post@sekom.no

# Møta i utvalet

- Sekretariatet avklarar saklista med leiar før utsending og den kjem til medlemane ca 7 dagar før møtet.
- Sakliste og møtebok ligg også på www.sekom.no/kontrollutval/.
- Gjennomføring av møta treng ikkje vere veldig formell, og det er rom for å «finne si eiga form».
  - Det bør vere tydeleg når ein byrjar på handsaming av ei ny sak, og sjølve avrøystinga.
- Møta er opne og gjennomføringa bør såleis vere ryddig og oversiktleg også for eventuelle tilhøyrarar.
  - Sjå meir i KS-heftet «Møtet er satt».

SEKOM-sekretariat www.sekom.no | post@sekom.no

# Innhald i møta

- Handsaming av saker
- Informasjon om skriv og meldingar
- Informasjonssaker. Til dømes kan KU kalle inn rådmannen eller andre til å gi informasjon.
  - Kan vere både generell informasjon om saksfelt og konkret informasjon t.d. oppfølging av tilsyn.
- Synfaringar ved kommunale einingar, kommunale føretak, selskap mm?
- Møta vert avslutta med underskriving av møtebok.

SEKOM-sekretariat www.sekom.no | post@sekom.no

# Opne møte

- Kontrollutvalet sine møte er opne for alle som ønskjer (Same hovudregel som andre folkevalde organ).
- Eventuell lukking av møte må vedtakast i kvar sak og ha heimel i lovverket.
- SEKOM har laga rutine for handsaming av spørsmål om lukking av møte.
  - Sjå nettsida under «Til hjelp for kontrollutvala»

SEKOM-sekretariat www.sekom.no | post@sekom.no

# Habilitet

- Det er medlemane sjølv som tek opp spørsmål om habilitet.
- Dette vert gjort straks leiaren har opna for handsaming av den aktuelle saka.
- Sjå rutiner med klipp frå lovheimlar på SEKOM si nettside («Til hjelp for kontrollutvala»)

SEKOM-sekretariat www.sekom.no | post@sekom.no

# Møterett i kontrollutvalet

- Revisjonssjef og ordførar har møte- og talerett i kontrollutvalet med heimel i kommunelova.
  - Revisjonssjef eller annan revisor vil som hovudregel delta i kontrollutvalet sine møte.
  - Sekretariatet meiner det er nyttig om ordførar også deltek på møta.
- Rådmannen vert innkalla i konkrete saker.
  - I overordna saker, møter rådmannen personleg (evt saman med andre), medan det i andre saker kan vere at andre møter på rådmannen sine vegner.
- SEKOM rår til at kontrollutvalet drøftar og avklarar forventningar om møtedeltaking med ordførar og rådmann i starten av valperioden.

SEKOM-sekretariat www.sekom.no | post@sekom.no

## Revisor

- Kommunane sine revisorar er viktige kjelder og premissleverandørar i kontrollutvalet sitt arbeid.
- Kommunane i SEKOM-sekretariat sitt område, har 2 ulike interkommunale revisjonsselskap:
  - Kommunerevisjonen i Nordfjord i Gloppen, Eid, Stryn og Hornindal. Revisjonssjef Markvard Sunde
  - KRYSS Revisjon i ytre Sogn og Sunnfjord (11 kommunar). Revisjonssjef Terje Førde
- Begge selskapa leverer både rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.



## Kontakt med kommunestyret / bystyret

- Sekretariatet rår til at kontrollutvalsleiar deltek i kommunestyret i saker frå utvalet.
  - Det er fint om leiaren får ordet først i slike saker for å seie litt om innhaldet i saka og kontrollutvalet si handsaming (avklar deltaking med ordførar).
  - Dette gir nyttig og god informasjon til kommunestyret, og det er med på å synleggjere kontrollutvalet.
- Kommunestyret kan også ønskje å gi tilbakemeldingar og signal til kontrollutvalet eller be om utfyllande informasjon.

# Opplæring og konferansar

- Det blir felles opplæring for alle kontrollutvala i fylket tidleg i 2016.
- Sekretariatet og revisor legg opp opplæring gjennom perioden i samråd med utvalet.
  - Dette kan vere generell informasjon eller spesifikk kunnskap innan avgrensa område.
- Sekretariatet rår til at ein eller fleire frå utvalet deltek på årlege konferansar for kontrollutval. Dei mest aktuelle er
  - Forum for kontroll og tilsyn (FKT) sin årskonferanse ca juni
  - Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) si kontrollutvalskonferanse ca februar.



# Aktuelle saker i utvalet (1)

| | | | | Månad | | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Sak | Heimel | Merknad | KU si rolle | J | F | M | A | M | J | J | A | S | O | N | D |
| Møteplan | Kml § 77,8 og 9, Forsk k.-utval §19 | | Vedtak | | | | | | | | | | | ■ | ■ |
| Revisor si uavhengigheit | Kml §79, F.skr. rev. Kap. 6. | Kopi til kommunen som informasjon | Vedtak | | ■ | ■ | | | | | | | | | |
| Årsmelding kontrollutval | Kml § 77,6 | | Tilråding | | ■ | ■ | | | | | | | | | |
| Budsjett kontroll og tilsyn | F.skr.k-utval § 18 | | Tilråding | | | | | | | | ■ | ■ | | | |
| **Rekneskapssaker** | | | | | | | | | | | | | | | |
| Årsrekneskap | Kml §77,4, F.skr. k-utval kap. 4, F.skr. rev kap. 2 | | Uttale | | | | ■ | ■ | ■ | | | | | | |
| Rekneskap KF, fond, m.m. | Kml §77,4, F.skr. k-utval kap. 4, F.skr. rev kap. 2 | | Uttale | | | | ■ | ■ | ■ | | | | | | |
| Rekneskapsrevisjon - info om revisjonsplan | | Kontr.utv.handboka side 128 | Info/drøfting | | | | | | | | ■ | ■ | | | |
| Rekneskapsrevisjon - gjennomgang | | Kontr.utv.handboka side 128 | Info/drøfting | | | | | | | | | | | ■ | ■ |
| Prosjektrekneskap | Kml §77,4, F.skr. k-utval kap. 4, F.skr. rev kap. 2 | Sjå kvar kommune sine økonomireglar | Uttale | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ | ■ |

# Aktuelle saker i utvalet (2)

**Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Overordan analyse | F.skr. k-utval §10. Min. 1 gong i perioden | Grunnlag for planar: Forv.rev og selsk.kontr. | |
| Plan forvaltningsrevisjon | F.skr. k-utval §10 Min. 1 gong i perioden | | Tilråding |
| Val av prosjekt forvaltningsrevisjon | Kml. § 77,4, F. skr. k-utval kap. 5, F.skr. rev. | Delegert i plan for forvaltningsrevisjon | Vedtak |
| Rapport forvaltningsrevisjon | Kml. § 77,4, F. skr. k-utval kap. 5, F.skr. rev. | | Tilråding |
| Plan selskapskontroll | F.skr. k-utval §13 Min. 1 gong i perioden | | Tilråding |
| Val av prosjekt selskapskontroll | Kml. § 77,5 og § 80, F. skr. k-utval kap. 6 | Delegert i plan for selskapskontroll | Vedtak |
| Rapport selskapskontroll | Kml. § 77,5 og § 80, F. skr. k-utval kap. 6 | | Tilråding |
| Andre revisjonsrapportar | | | Tilråding |



**SEKOM-sekretariat** www.sekom.no | post@sekom.no

# Aktuelle saker i utvalet (3)

**Skriv og meldingssaker**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Skatterekneskapen | | | |
| Årsrapport SEKOM | | | |
| Årsrapport revisjonsselskap | | | |
| Tertialrapport / kvartalsrapport | | Til info etter hands. i kommunestyret | |
| Oppfølgjingsliste | | Oppdatert for kvart møte | |
| Tilsynsrapportar Fylkesmannen | | Til informasjon og evt. Oppfølging | |

**Andre saker som kan vere aktuelle**

| | | | |
|---|---|---|---|
| KU kan ta opp andre saker | | | |
| Generalforsaml. / repr. skapsmøte komm. | Kml . §80. | | |
| Oppfølging revisjonsmerknader | Forskr. Rev. §4, F.skr. k-utval §8 | | |
| Orienteringar frå revisor | | Utvalet kan etterspørre | |
